# Møtereferat

| | |
|---|---|
| **Møte:** | Møte AU Nord |
| **Tid/Sted:** | Måndag 09.03.20 kl 13.30 – kl 18.30 på Thon Hotel Nordlys i Bodø |
| **Tilstede:** | Svein Slåtsveen, Bjørn-Arne Skoglund, Ragnhild Engan, Fred Tore Fagereng, Bente Børsheim, Tone Rubach, Merethe Sund og Svein Inge Jakobsen. |
| **Forfall:** | |
| **Kopi til:** | Vara AU, leiargruppe Medlem region Nord og Tor Olav Brandtzæg |
| **Referent:** | Brit Kari Eidseflot Hauger |

Molde, 09.03.2020

| Sak nr. | Emne | Ansvar |
|---|---|---|
| 1 | **Oppsummering frå kretsmøta og saker for vidare oppfølging**<br>Brit Kari gjekk gjennom oppsummeringa, og viste oppfølgingsrapporten.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar:</u><br>• Bør bruke bloggarar/influencerar for påverknad, viktig å nå utanom næringa.<br>• Må reklamere/informere i dei rette kanalane, som dei unge brukar.<br>• Vi må dele info i ulike forum, ikkje berre på facebooksida "Venner av norsk landbruk"<br>• Må starte alle møter med info om kva samvirke er.<br>• Finnast rutiner for at sjåførane kan gje beskjed om utfordrande opplastingsforhold?<br>• Endring i inntransport og fabrikkstruktur var nesten ikkje tema på kretsmøta i region Nord.<br><br>**Vedtak: AU tek oppsummeringa til orientering.** | |
| 2 | **Førebuing av RU-møtet**<br>Køyreplanen vart gjennomgått. AU vedtok at Nord-Helgeland vert årets kretsutval i 2019 og Bernt Skarstad årets tillitsvald.<br><br><u>Innspel/kommentarar:</u><br>• Dersom kåring nasjonalt av ein eigar som har utmerka seg, er Pål Ove Wika aktuell. Flink til å argumentere i sosiale media.<br><br>**Vedtak: AU vedtok at Nord-Helgeland vert årets kretsutval i 2019 og Bernt Skarstad årets tillitsvald.** | |
| 3 | **Orientering frå Medlem og Drift region Nord**<br>Svein Inge orienterte om utvikling i leveransar av storfe, småfe og gris. Status foredling pølser og deigar i region Nord. Struktur for skjering. Negativ omtale i sosiale media.<br><br><u>Spørsmål/kommentarar:</u><br>• Kva vert gjort for å bevare husdyrproduksjonane i region Nord?<br>• Har vi dekning for å ta samfunnsoppdrag med slakteri i heile landet?<br>• Viktig å halde på lokalmatproduksjonen i regionen?<br>• Redd for at kjedene fortsatt vil skvise oss på pris, sjølv om vi greier å ta ned kostnadane. | |

**Vedtak: AU tek orientering til orientering.**

---

4 **Førebuing av saker til årsmøtet**

Svein orienterte om at ordførar har bede om å få innmeldt saker til årsmøtet.

Innspel/kommentarar:

- Lokal foredling, auka tilførslar, aktørar på foredling bør bruke råvarer frå regionen.
- Støyen rundt inntransport og fabrikkstruktur bør nemnast. Inntransporttider i region Nord. Bente viser då plansjen med struktur + inntransporttider. Fokus på inntening i bedrifta. — Bente
- Samvirketanken og lojalitet, snakke kvarandre god, stå i lag. Kven er vi til for, støtte under på fabrikkstruktur. Tema: Hvorfor har vi samvirke? Bjørn Arne. — Bjørn Arne
- Kva vert gjort for produksjonen på alle dyreslaga i region Nord. Løfte grisen. MRSA.
- Innan 16. mars må alle melde sine tema til Svein. — AU
- Tlf møte 25. mars kl 11  kl 12 for gjennomgang. Kalle inn Hanne Harila til tlf møtet. — Brit Kari

**Vedtak: AU jobbar vidare med innlegg til årsmøtet.**

---

5 **Orientering frå fagutvala og ansvarskretsane**

Fred Tore orienterte frå fysisk møte i fagutval storfe i februar, tema prising av kalv. Må prisast så høgt at den ikkje vert slakta.

Bente orienterte frå fagutval gris: Tilleggsytingane vert diskutert, innspel til jordbruksforhandlingane med målprisauke på kr 2, marknadsandelar i region Øst, regelverk for MRSA-sanering, etterspurt status for Griseløftet i sluttmarknaden.

Ragnhild orienterte frå fagutval småfe, der inntransportprosjektet er diskutert, forbetringar frå sesongen i fjor, totalmarknad og marknadssituasjon, innspel jordbruksforhandlingane med mest vekt på beitetilskot og auke i salet av Hverdagslam.

Bjørn-Arne orienterte frå fagutval egg: Animalia fått innvilga støtte til 4-årig prosjekt på måling av dyrevelferd, innført dyrevelferdsprogram med pristillegg, innspel til jordbruksforhandlingane med differensiert omsetningsavgift, ca 20 produsentar har ikkje omstilt til frittgåande produksjon, heilt inne på Rema og heilt ute av Coop med Prior egg, ingen negative reaksjonar på 400 tonn egg til miljøfôr.

Tone har fått nokre innspel på inntransport og nisje, og desse sakene er oppfølgd. Viktig at info om tilbodet om kva vi kan yte ved nisje vert kommunisert.

Spørsmål/kommentarar:

- Kan kalv prisast utifrå avlsverdi?
- Vert det selt livdyr til produsentar som leverer konkurrent?
- Korleis ta tak i dei som oppretthald medlemskapet for å kunne bruke Nortura si nødslaktteneste?
- Gjort noko for å forlenge lammesesong i butikk?
- Gjerast noko med prisløype lam?
- Vert maks volum på sal av egg frå garden følgt opp?

**Vedtak: AU tek orientering til orientering.**

---

6 **Eit sterkare samvirke**

Bjørn Arne ynskjer fokus på samvirke, gjennom samarbeid med andre organisasjonar. Drive faktaopplysningar. Fokus på rådgjeving og psykisk helse.

Innspel/kommentarar:

- Må jobbast med TINE for å få til samarbeid.

- TINE jobbar med matkasse med produkt frå Grilstad?

**Vedtak: AU ynskjer at vi jobbar for eit tettare samarbeid mellom organisasjonane i region Nord.**

---

7 **Eventuelt**